

NVE – Konsesjon og tilsyn

Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO

Sauland 26/3-2011
312
200709826-62
KV/Emb

KOMMENTAR TIL SKAGERAK SINE PLANAR OM TVERRSLAG/TIPP VED HYTTEMOEN I SAULAND.

Underteikna er grunneigarar som blir berørt av anlegget, innbyggjarane på bustadfeltet Rinden, og eigarane av fritidseigedom Hyttemoen.

Steinmassene frå tverrslaget vil bli på ca 200 000 m³, ved utkjøring svarar det til 20 000 billass, eller 10 000 billass med hengar. Med om lag 200 arbeidsdagar i året blir det 50 lass med hengar om dagen i eitt år, eller 10 lass med hengar om dagen i 5 år.

Tverrslaget med tipp her skil seg frå dei andre liknande anlegga som er planlagt ved at det ligg inntil eit bustadfelt med seks husstandar, og ein fritidseigedom tett innved tunnellåpningen. Tre av husstandane på Rinden er barnefamiliar, ved planlagt anleggstart i 2013 vil det her vere 5 barn i alderen 2 til 12 år. Avstanden frå nærmeste bustadhuse til tippen er ca 150 m., og avstanden frå huset på Hyttemoen til tunnellåpningen er 75-80 m. Vegen til og frå anlegget går også berre få meter nedanfor feltet.

Dette er moment som gjer det rimeleg å vise spesielle omsyn til behandlingen av steinmassene.

FORSLAG TIL TILTAK

Dersom Skagerak får konsesjon og tippen blir ein realitet, vil – slik vi ser det – støy og trafikk frå store anleggsmaskiner bli den største ulempa.

TIPPOMRÅDET

Vi ynskjer at tippen blir liggande urørt for framtida og at fyllmassene her blir dekt til med jord iblanda lokale jordmasser frå arealet under tippen og såast til med naturlik vegetasjon. Eksisterande vegetasjon som ein ynskjer tatt spesiell vare på må sikrast med solide gjerdar. Lovnad om dette bør gjevest skriftleg, slik at tippen ikkje blir åpna for uttak etter ei viss tid. P.g.a. støyplagene meiner vi også at det ikkje må vere anleggsdrift på nattestid, og støyskjermar må vurderast. Ikke på nokon tid av døgnet må støynivået vere over tillatt grense for bustadfelt.

KNUSING AV STEIN

Dersom det likevel blir bestemt at steinmassene skal kjørast ut kan vi ikke godta knusing på anleggsområdet, støyen og støvinga det fører med seg er ikke akseptabel så nærmest bustadfelt.

VEG




Vegtraseen forbi Slåkestad – g.nr. 77.11 – går tett inn mot våningshuset. Ei evt. utkjøring av masse krev omlegging av vegen her.

Ei utkjøring bør også vere tidsbegrensa, vi ynskjer at transporten her blir prioritert framfor dei andre fyllingane, at utkjøring byrjar snarast råd, og skal vere fullført innan maksimum 3 år.

Før anleggstart må den aktuelle vegstrekningen rustas opp, det gjeld både i bredde og bæreevne. Skagerak må også ta på seg nødvendig vedlikehald så lenge kjøring pågår.

Ulempene som anlegget her fører med seg vil uansett bli store, og vi går derfor mot planane om tverrlag/tipp ved Hyttemoen

    
Jan Lia Torkel Hytta Henry Larsen Jon Brubakken Vidar Moen

    
Aslaug Lappebakke Arild Lia Gullik Havrås Ruth Hytta Bø Marit Aalrust